

«MottakerNavn»
«KONTAKT»
«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

Vår dato: 22.03.2024
Vår ref: 2024/1936
Dykkar ref: «Ref»

Høyringsbrev - kommunal forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæring i Stord kommune

På bakgrunn av ny opplæringslov, gjeldande frå 01.08.2024, har skuleeigar utarbeidd forskrift om permisjon for elevar i kommunal grunnskule, jf. ny opplæringslov § 2-2.

Dagens opplæringslov regulerer eleven sin moglegheit for permisjon frå grunnskuleopplæringa. Etter søknad vurderer kommunen om det er forsvarleg å gje permisjon. Permisjonstida er avgrensa til to veker (10 skuledagar). Elever som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkje, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har heilagdagane. Stord kommune følgjer opplæringslova og har rutinar som beskriv praksis i Stord kommune. Det er skulen som handsamar søknadar om permisjon. Mynde er delegert til rektor, som kan delegera vedtaksmynde vidare til kontaktlærar

Etter ny opplæringslov § 2-2 kan kommunen gje ein elev permisjon dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Avgrensinga om maksimalt to veker permisjon er fjerna frå lovteksten. Føresegna om at elevar med anna trussamfunn har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har heilagdagane vert ført vidare.

Lovgivar krev no at kommunen fastsett eigne føresegner om permisjon i form av forskrift.

I forarbeida til ny opplæringslov, Prop.57L (2022-2023), står det mellom anna følgjande.

"Departementet foreslår at lova framleis skal opne for at elevar kan givast permisjon frå grunnskuleopplæringa der kommunen meiner det er forsvarleg. For å vurdere kva som er forsvarleg, må det leggjast vekt på læringsutbyttet til eleven, kva som skal skje på skolen i permisjonstida, til dømes om det er

Fagavdeling oppvekst
Postboks 304
5402 STORD
Org. nr 939 866 914

Telefon:

nasjonale prøvar eller andre prøvar, og om foreldra vil sørgje for eigna opplæring i permisjonstida. I tillegg må ein vurdere kva som er det beste for eleven, og kva eleven sjølv meiner.”

”Kravet i lova om ei samla sett forsvarleg opplæring vil i seg sjølv setje ei grense for kor mange og kor lange permisjonar kvar enkelt elev kan få. Forslaget inneber at kommunane elles vil stå fritt til sjølve å fastsetje ei øvre grense for lengda og talet på permisjonane. Kommunen avgjer om det skal givast permisjon til dømes dersom familien ønskjer å ta ferie, eller dersom eleven ønskjer å delta på treningssamlingar utanom helgar og feriedagane til skolen. Ein kommune kan framleis avslå ein søknad om permisjon sjølv om det er forsvarleg å gi permisjon dei skoledagane det blir søkt om. Kommunar som ønskjer det, kan framleis ha ei øvre grense for permisjon på to veker i dei lokale forskriftene sine.”

Skuleeigar har mellom anna vurdert følgjande ved utarbeiding av utkast til forskrift:

- Barn har plikt til grunnskuleopplæring. Dei fleste oppfyller plikta gjennom offentleg grunnskuleopplæring, 190 skuledagar / 38 skuleveker kvart år.
- Permisjon skal vere eit unntak. Hovudregelen er at elevane skal vere på skulen alle skuledagar. Ferie og fritidsaktivitetar skal skje utanom skuletida.
- Stord kommune legg ut skuleruta for to år av gongen slik at føresette kan planleggja aktivitetar utanfor skuletida.
- Skulefråvær er aukande og me må sjå til at regelverket ikkje bidrar til at det aukast.
- Ved å oppretthalda at grense på 10 dagar permisjon per skuleår vurderer kommunen at permisjon utover 10 dagar ikkje vil gi ei forsvarleg opplæring samla sett. Regel vil vere føreseieleg for elevar, foreldre og skulane.
- Forskrifta skal leggja til rette for lik praksis skulane i mellom. Skuleeigar har peika ut nokre sentrale område som det berre heilt unntaksvis skal givast permisjon.
- Forarbeida til ny opplæringslov.

På bakgrunn av dette har kommunen utarbeid utkast til forskrift og sender den ut på høyring. Vedlagd ligg utkast til forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæring i Stord kommune. Høyringsbrevet og forskrifta blir og publisert på kommunen si heimeside. Forslaget er utarbeidd av fagavdeling for oppvekst og kultur og kommunalsjef.

Dette høyringsnotatet skal rektor senda til alle rådsorgan ved skulen og tilsette sine tillitsvalde. I tillegg sender skuleeigar dette til Ungdomsrådet, hovudtillitsvald og det kunngjerast og på kommunen si nettside slik at andre interesserte kan gi sine innspel.

Høyringsfrist er 3. mai 2024.

Innspel sendast til post@stord.kommune.no

Kommunedirektøren handsamar etter dette innspela og legg fram sak om forskrift om permisjon frå pliktig grunnskuleopplæring i Stord kommune for utval for oppvekst og kultur 14.05.2024. Utval for oppvekst og kultur gjer si innstilling og sak vert vidare handsama i kommunestyret 30.05.2024.

Med helsing

Hans Dagfinn Reppen
Leiar avd. forvaltning, tilsyn og adm.

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Mottakarar
Kommunale grunnskular
Fagforbundet
Utdanningsforbundet
Førebyggjande tenester

Interne mottakarar
Tove Vikanes Agdestein

Fagkontor plan

Vedlegg

- 1 Forskrift om permisjon frå den pliktige grunnskuleopplæringa

